



Statens vegvesen
Region vest, Askedalen 4,
6863 Leikanger

firmapost-vest@vegvesen.no

Hjelmeland/Kinsarvik 17.11.2015

Høyringsuttale: Rv 13 Melkeråna – Årdal, forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing

"Sak 2014/027231 Melkeråna–Årdal"

IS Fjordvegen Rute 13 er eit samarbeidsorgan for kommunar, tre fylkeskommunar og sentrale næringsaktørar langs heile Rv 13 frå Sandnes/Stavanger til nord i Balestrand. Selskapet arbeider for utvikling av heile rv 13-området gjennom trygg stamveg med gul midtstripe samt reiseruteutvikling. Vidareføring av Svatunnelen med lang tunnel til Årdal er høgt prioritert av selskapet for søre Fjordveg-område/Rogaland.

I/S Fjordvegen Rute 13 syner til høyringsbrevet frå Statens vegvesen og held fram følgjande i høve vegvesenet sine konklusjonar:

Me ser at trass i mykje godt i utgreiinga, er likevel kort tunnel tilrådd.

Me bed om at dei lengre tunnel-løysingane blir prioritert (alt 2) utfrå følgjande:

- **Samfunnsøkonomi**, dokumentert av vegvesenet sjølv i hovudrapporten (kap 9.3.) Hovudføremål rassikring av strekninga v/Tysdalsvatnet er viktig og utløysande for prosjektet. Men når det viser seg gjennom ei grundig utgreiing at det er samfunnsøkonomisk lønsamt å korta inn vegen samstundes, må slik tilleggsgevinst kunne prioriterast.

Trafikksikkerheit: Lokal finst kunnskap omkring ulempe- og ulukkesreduksjon: Det som er lite eller ikkje skildra i rapporten er gevinsten ved å unngå ein dryg høgdeforskjell, krapt kurvatur og farlege tilhøve vinterstid med mange uhell i Tveitebrekka søraust for Årdal. Dette er som kjent utanom den definerte rasfarlege strekninga. Desse uhella primært vintertid og utan personskade ligg ikkje inne i vegvesenet sin rapport over ulukker (pkt 7.6.2., s. 54).

Lokalt og innan transportbransjen kjenner ein godt til dei situasjonane som gir ulukkesrisiko: Det er lokalklimatisk slik at det årvisst er tidleg glatte med is i den nordvendte Tveitebrekka med påfølgjande mindre utforkøyeringar av alle typar køyrety. Andre farlege situasjonar opptrer ved at store køyrety står på toppen før og i Tveitebrekka og legg på kjettingar i mørke, snø og dårleg sikt. Samstundes skjer det farlege forbikøyeringar av personbilar.

- **Regionforstørring og kopling av arbeidsmarknader:**

Jf TØI-rapport som var grunnlaget for NTP 2014-2023: Her er belyst at arbeidsmarknads-

kopling vil kunne skje raskt som resultat av ferdigstilling av Ryfast i 2019.

Dette er vidare drøfta i rapport frå Telemarksforsking 2014 som IS Fjordvegen bestilte: *Attraktivitetsanalyse for Rv 13–regionen*: Her er belyst konsekvensar av Ryfast: det blir framhaldt at fleire Ryfylke-kommunar vil få effekt. Slik effekt for muleg pendling inn/ut vil auka med betra Rv 13-standard vidare frå Strand til Hjelmeland og så vidare til Suldal. Ei påvist innkorting på 8-9 minutt gjennom lang tunell (alle under alt. 2) er ein stor reduksjon av 45-minutt - 1 time arbeidsreisetid (akseptert pendlings-tidsrom kvar veg).
<http://fjordvegen.no/2015/05/attraktivitetsanalyse-for-riksveg-13-regionen/>

Også Næringsforeningen i Stavanger-regionen sin rapport Mulighetsstudie Ryfylke etter Ryfast (Asplanviak) viser noko av det same.

- **Reiseliv:**

Ein ser i rapporten at effekt av forskjellige alternativ for reiselivet er sett opp som «uklart» under tema Lokal og regional utvikling, tabell 26. Det kan framhaldast at rask framkomst er høgt prioritert av dei profesjonelle reiselivsaktørane innan bussoperasjon og turoperatørar generelt. Det er t.d. raskare framkomst som har gjort at Tide Reiser i praksis har kunne satsa på dagleg Ekspressbussrute Trolltunga – Preikestolen frå sommarsesongen 2015 og vil halda fram med denne sommaren 2016. Dette er eit klart resultat av Svtunnelen samt nokre andre vegstrekk lengre nord. Det er regelverket for køyre- og kviletid sett opp mot turen si lengde i tid som kan gje transportøren ein akseptabel økonomisk basis i dette produktet. Utviklingspotensialet for det lokale reiselivet aukar generelt ved betra veg. Opplevd total kvalitet på ei lang reise overstig ofte opplevinga av tunnel når tunnelen blir vurdert av den reisande som moderne og trygg med god breidde og lys.

- **Andre tilhøve:**

Rv 13 og strekket nordaustover frå Stavanger via Ryfast til Røldal er ein del av framtidsløysinga for konkurransedyktig godstransportløysning for regionen sitt næringsliv. Transportnæringa ser dette klart. Med dei miljøforbetringane som ny teknologi har frambrakt for nyaste lastebilar må denne vegløysinga både for næringslivet på fastlandsryfylke og delar av Nord-Jæren både gje god samfunnsøkonomi og vera viktig del av transportsystemet for sørvestlandet i høve austlandet. Det er difor viktig å utnytte potensialet raskt og fjerna høgdemetre og strekningslengde ved å velgja eit av del lange alternativa under 2.

Me håpar at vegvesenet kan leggja vekt på desse argumenta, og igjen sjå etter kreative løysingar for ei heilskapsløysing ved val av lang tunnel og tilhøyrande finansiering. Samferdselsminister Solvik-Olsen har sjølv ved fleire høve og nyleg på Logistikk-konferansen i Sandnes 10.11. påpeikt det generelle behovet for heilskapstenking ved nyanlegg.

Det lokale politiske miljøet er positive til vidare drøftingar omkring dette.

For IS Fjordvegen Rute 13

Hanne Sundbø /s./
konsulent